



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
22.06.2015  
Dykkar dato  
18.05.2015

Vår referanse  
2015/6934 561  
Dykkar referanse  
11/2292

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Fråsegn til søknad om bygging av Tysso kraftverk i Ulvik herad

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad om bygging av Tysso kraftverk i Ulvik i herad.

#### Om utbygginga

Tysso kraftverk skal ha inntak på kote 237 i elva nedafør Verafossen. Ein vil føre vatnet gjennom tunnel og nedgrave røyrgate fram til eksisterande kraftverksbygning for Tysso 1 på kote 10 som ein vil nytte i prosjektet. Dagens regulering som i dag har inntak på kote 70 vil utgå. Nytt Tysso kraftverk vil produsere 26,5 GWh i eit middels år.

Øvre del av vassdraget er i hovudsak utmark, men FV 572 går gjennom området frå Ulvik til Espeland. Ei vegbru kryssar elva like over inntakspunktet. Nedre del av tiltaksområdet er prega av utbygging, landbruksdrift og ulik infrastruktur.

#### Andre kraftverk i området

Dagens kraftverk Tysso 1 nyttar vatn frå kote 70 til kote 10. Ein vesentleg del av Tyssovassdraget sitt nedbørfelt er nytta i Tysso 2, som har inntak i Solsævatnet på 387 m og kraftstasjon i fjell.

Det er gitt konsesjon til bygging av Ulsberg minikraftverk. Søkjar går ikkje inn på i kva grad bygging av Tysso kraftverk vil påverke dette prosjektet. NVE har tidlegare gitt avslag til søknad om å byggje Espeland kraftverk i øvre del av vassdraget.

Søknad om bygging av Vambheimselva kraftverk er ikkje slutthandsama i NVE. Vidare har Statkraft søkt om bygging av Austdøla kraftverk i Osa.

#### Verknader for vassføring og anadrom fisk

Søkjar skriver følgjande om minstevassføring og tilhøvet til anadrom strekkje:

«Det er planlagt slepp av minstevassføring med 180 l/s om sommaren (1/5 - 30/9) og 64 l/s om vinteren (1/10 – 31/4). Dagens regulering av Tysso har ikkje pålagt minstevassføring. Men konsesjon til Tysso kraftverk vil det verte etablert minstevassføring på deler at anadrom strekning, der det ikkje er minstevassføring i dag. Det vil verte installert ein forbisleppingsventil i kraftstasjonen og den vil såleis kunne betre høva for anadrom fisk nedstraums kraftstasjonen.»

Anadrom strekkje i elva i dag er om lag 350 meter opp til kraftverket. Over er det for lite vatn til fisk, men i periodar med mykje vatn kan anadrom fisk gå litt lenger. Endeleg vandringshinder er om lag 150 meter lenger opp.

Ved eventuell konsesjon bør ein vurdere tiltak som gjer at anadrom fisk kan ta i bruk dei 150 metrene frå kraftstasjonen og opp til endeleg vandringshinder.

I søknaden står det at elva er tørrlagt mellom dam og utløp, mens andre stader står det at vassføringa vil bli om lag 25 % - 30 % av dagens vassføring. Dette er difor noko uklårt.

Fylkesmannen reknar med at omløpsventil og tiltak for å utbetre dei siste 150 meter vil kunne føre til betra tilhøve for anadrom fisk.

### **Anna naturmiljø, landskap og friluftsliv**

Vassdraget går gjennom ei bekkekløft og bergvegg som er vanskeleg tilgjengeleg for undersøkingar. Området har ein gråor-heggeskog i nedre del. Verdien er sett til stor/middels, og samla konsekvens for naturtyper er sett til *middels negativ*.

Utbygging av Tyssø vil føre til mindre vassføring i elva, som går i et eit dramatisk og utilgjengeleg landskapsrom. Ein kan likevel høyre elva, noko som gir ein viss opplevingsverdi når ein oppheld seg i området. Elva er stort sett skjult for innsyn, bortsett frå i Ulvik sentrum, men er ikkje synleg frå fjorden.

Det er valt løysing med retningsstyrt boring i øvre del for å unngå landskapsinngrepa som nedgrave røyrgate ville ha ført til. Tunnellen skal gå frå inntaket på kote 237 ned til Bergo. Overskotsmassar på 18 000 m<sup>3</sup> vil bli plassert i ei nedsenking i landskapet nær elva. I samband med detaljplanlegginga vil ein utbetre deler av den gamle ferdselsvegen som går gjennom dette området. Utbygginga skal ifølgje søkjar difor ikkje gi negative verknader for turgåarar. Røyrgata vil i øvre del gå over dyrka mark. Verknader for landskapet er sett samla sett vurdert til *middels negativ*.

### **Samla belastning og konklusjon**

Utbygginga er planlagt i eit område der det i dag er mange inngrep, både i planområdet og i sjølve vassdraget. Søknaden gir berre fragmentarisk oversikt over relevante inngrep, og det er vanskeleg å gjere seg opp eit bilde av sumverknadane i området. Inngrepa er ikkje synleggjort ved bildemontasjar eller anna.

Fylkesmannen kjenner ikkje til vesentlege regionale eller nasjonale interesser som vert berørt av tiltaket. Vi ber NVE gjere ei grundig vurdering av samla belastning, og sette tydelige vilkår for omsyn til landskap og naturmangfald.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Ulvik herad

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Hordaland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Skeiesvegen 3

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

Postboks 5672 Sluppen

5730

5017

5020

7485

Ulvik

BERGEN

Bergen

TRONDHEIM